

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer

FØRETAK: Helse Bergen HF

DATO: 14.2.2018

SAKSHANDSAMAR: Clara Gram Gjesdal/Ingvild Sunde

SAKA GJELD: **Status for arbeidet med Utviklingsplan 2035**

STYRESAK: **23/18 0**

STYREMØTE: **22.2.2018**

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tar status frå prosjekt Utviklingplan 2035 til orientering.

Oppsummering

Prosjekt Utviklingsplan 2035 vil gi styret ein status for arbeidet. Vi er inne i ein fase der vi får innspel frå både eksterne samarbeidspartar og interne interessentar til no-situasjon, utviklingstrekk og moglege mål og tiltak i planen. Vi har god involvering/representasjon av kommunar, tillitsvalde og verneombod, og representantar frå brukarane/deira pårørande. Vi koordinerer utviklingsplan-arbeidet med langtidsbudsjettet og prosjektet Prehospital plan.

Bakgrunn

Helse- og omsorgsdepartementet har gitt alle helseføretak i oppdrag å lage utviklingsplan (jf. Nasjonal helse- og sykehusplan, Meld. St. 11 (2015-2016)). I styringsdokumentet for 2017 bad Helse Vest RHF om at føretaka leverer sine utviklingsplanar innan 30.juni 2018.

Ein utviklingsplan skal gi retning for den vidare utviklinga i sjukehuset 15 år fram i tid. Vi skal sjå alle innsatsfaktorane som må til for å skape pasientens helseteneste i samanheng. Planen skal gi overordna mål og tiltak som må vi jobbe med framover for å møte behovet for helsetenester i 2035.

Fakta

Kva jobbar vi med no?

I prosjektet innhentar vi no innspel til planen frå våre *eksterne* samarbeidspartar i kommunane, dei private ideelle institusjonane i psykisk helsevern og dei private aktørane i tverrfagleg spesialisert rusbehandling. Vi har tilsvarande møter med universiteta, høgskulane og Hordaland fylkeskommune kring utdanning, forskning og innovasjon.

Internt i føretaket har vi i gong fire arbeidsgrupper som skal bidra til utviklingsplanen. Desse er:

- Arbeidsgruppe operasjonskapasitet
- Arbeidsgruppe bildediagnostikk
- Arbeidsgruppe somatisk sengekapasitet/vaksne
- Kost/nyttevurdering av ortopedifunksjonen i føretaket

Dei tre første arbeidsgruppene forankrar, kvalitetssikrar og detaljerer resultata av den framskrivingsrapporten Sykehusbygg HF har laga for Helse Bergen. Den siste arbeidsgruppa samanliknar kostnader og nytteverdi for pasientar/pårørande, medarbeidarar og sjukehuset ved ulike løysingar av organiseringa.

Vi har også hatt arbeidsmøter med føretakstillitsvalde og føretakshovudverneombod for innspel til nye løysingar for arbeidstidsordningar, bemanning og intern oppgåvedeling. Vi er i gong med å planlegge arbeidsmøter med klinikkane/avdelingane (mars 2018) , og prosjektgruppa utarbeider utkast til dei ulike kapitla i planen. Vi har også koordinert oss med langtidsbudsjettprosessen, som har mange av dei same overskriftene som utviklingsplanen.

Prehospital plan skal vere ein del av utviklingsplanen. Det går føre seg eit eige prosjekt på dette. Innhaldet i og tidsplanane for dette prosjektet og arbeidet med utviklingsplanen, er koordinert.

Korleis involverer vi?

Både i arbeidsgruppene, i prosjektgruppa og i eigne møter involverer vi dei tillitsvalde og verneombod på ulike nivå i sjukehuset. I tillegg skal vi bruke dei ordinære månadlege møta med dei. Representantar frå Brukarutvalet deltar også i prosjektgruppa og vi skal delta i deira månadlege møte. Det same gjeld Ungdomsrådets møter utover våren. Når det gjeld kommunane, har vi både brukt dei ordinære møta i samhandlingsstrukturen og gjennomført eit vellukka innspelsmøte om dei felles utfordringane vi har. Vi har avtalt endå eit møte med kommunane for å få deira innspel til vidare utvikling av samhandlinga i åra som kjem.

Det er oppretta ein ekstern nettstad for [Utviklingsplan 2035](#), i tillegg til interne sider for [informasjon](#) og ei eiga side for sjølve prosjektgjennomføringa (prosjektarkiv).

Når det gjeld høyring, er vi i prosess for å avklare omfang og tidspunkt for gjennomføring av ein høyringsrunde.

Kort om koordinering med andre føretak:

Det er utarbeid ei rettleiar for arbeidet med utviklingsplanen. Prosjektet følgjer denne. Vi ser også til planar i andre føretak og observerer at det er stor variasjon i korleis dei er utforma. Vi deltar også på dei møta som Helse Vest RHF har initiert med alle føretaka i Helse Vest. Formålet her er koordinering og læring/erfaringsutveksling.